

Til  
Miljøverndepartementet  
Postboks 8013 Dep  
0030 Oslo

Dykkar ref. 200802073

## **Høyringssvar – utkast til statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen**

Visert til høyringsbrev datert 29. juni 2009 til m.a. kommunane med frist 4. sept. for å koma med merknader til MD sitt utkast til statlege planretningsliner for differensiert forvalting av strandsona langs sjøen.

Kommunane i regionen har, gjennom vedtak i Nordhordland digitalt (fagorganet til Regionrådet Nordhordland IKS innan geodata, plan- og byggesak), vedteke å fremja ein samla uttale til utkastet gjennom Regionrådet Nordhordland IKS. Nærare informasjon om Regionrådet Nordhordland IKS finn ein på [www.nordhordland.net](http://www.nordhordland.net)

### **Generelle merknader**

Av høyringsbrevet går det fram at lovgjevar har føresett at det blir utarbeidd statlege planretningsliner for differensiert forvaltning av strandsona langs sjøen (100-meters beltet). Med bakgrunn i dette har MD utforma eit utkast til slike retningsliner som følgjer opp den skjerpinga i forvaltinga av strandsona som er lovfest (og sett i verk) gjennom den nye planlovdelen av plan- og bygningslova.

Ei god forvalting av strandsona inneber at ho må vera differensiert både i rom og tid. Dette er i samsvar med haldninga til kommunane i vår region og utøvd praksis. Kommunane praktiserar meir restriktive reglar for dei areala i kommunen som ein av allmenne interesser må skjerma mot endra arealbruk og er noko lempelegare der dette ikkje er tilfelle. Ein slik praksis er etter vårt syn svært godt sikra gjennom lovpåleggget om utarbeiding og regelmessig rullering av kommuneplan. Prosessen som det arbeidet går etter, sikrar både at dei ulike partsinteressene (lokale og nasjonale) i strandsoneforvaltinga (og elles) får fremja sine interesser og at vedtaksorganet: kommunestyret er godt oppdatert med denne og annan turvande informasjon for å utøva ei god, heilskapleg og differensiert forvalting av strandsona.

Også sakshandsamingsreglane i spørsmål om dispensasjon, er eit godt verktøy i arbeidet for ei god og differensiert forvalting av strandsona. Prosessen sikrar at alle, også dei nasjonale interessene, blir ivaretakne på god og tilfredsstillende måte.

Kvar det er aktuelt med skjerpa reglar (pkt. 4 i høyringsutkastet) og kvar kommunen kan vera meir lempeleg i høve til dei meir generelt formulerte krava i plan- og bygningslova (pkt. 5 i høyringsutkastet), må vera basert på konkret vurdering ut frå geografiske, natur- og kulturgitte tilhøve for området og omegn.

I alle våre kommunar er det visse strandsoneareal som krev ekstra vern i høve til byggetiltak og anna endring i arealbruken og såleis ei forvalting etter skjerpa krav, men i alle kommunane finst det òg store strandsoneareal der dette ikkje er tilfelle både av natur- og kulturgitte tilhøve, areal der ein kan ha noko lempelegare krav til den praksis som skal utøvast.

**Kommunegrenser er såleis eit heilt ueigna kriterium for kvar skjerpa krav ("Oslofjordkrav") skal takast i bruk.**

I det nye regelverket har kommunane fått eit eigna verktøy (omsynssone) for ei tenleg fastsetting av kvar skjerpa reglar skal nyttast og som er ubunde av den eksisterande kommuneinndelinga. **Skjerpa krav bør derfor knytast til omsynssone i 100-metersbeltet langs sjø i kommuneplanen der "Oslofjordstandarden", alternativt lokal vedtekt, skal gjelde.** (Det siste inneber størst rom for individuell utforming av krava og ivaretaking av medverknadsaspektet i planarbeidet.) Dette forslaget inneber ei konkret vurdering og fastlegging av kvar skjerpa krav til forvaltinga skal utøvast ut frå objektive kriteria på aktuell stad og med eit godt fundamentert kunnskapsgrunnlag for grensedraging. Og fastsettinga vil skje i samsvar med den lovfeste demokratiske planprosessen.

Statlege retningsliner skal etter vårt syn vera støtte som sikrar at den kommunale forvaltinga også skjer i samsvar med dei sette nasjonale måla.

Kommunane i vår region ser helst sett at Miljøverndepartementet i første omgang lagar ein rettleiar for praktisering av dei skjerpa reglane for forvalting av strandsona som er kome i den nye plan-og bygningslova. Med bakgrunn i rettleiaren og erfaringa med ei slik mindre formalistisk ordning, vil departementet få eit betre grunnlag for kva statlege planretningsliner det ville vera trond for.

**Vi ber derfor prinsipalt om at departementet i første omgang lagar ein rettleiar til bruk i ei differensiert forvalting av strandsona i tråd med det nye regelverket i plan og bygningslova og at endeleg utarbeiding og fastsetting av statlege planretningsliner for differensiert forvalting av strandsona blir utsett ei tid.** (Rettleiaren kan byggja på høyringsutkastet og merknader som måtte koma til det for så vidt gjeld det saklege innhaldet).

### **Konkrete merknader til høyringsutkastet**

**1. Formål** (ingen merknad)

**2. Virkeområde** (ingen merknad)

**3. Offentlige myndigheters oppgaver og ansvar** (ingen merknad)

**4. Retningslinjer for sentrale områder der presset på arealene er stort**

Ordet *sentrale* bør strykast.

Det er stor forståing og aksept for at ein har skjerpa forvaltingsreglar der presset på strandsoneareala er stort. Det essensielle i dei statlege retningslinene for ei differensiert forvalting av strandsona bør vera at dei skal vera relatert til objektive kriteria i høve forvaltinga og gjelda ubunde av eksisterande kommunegrenser.

Etter utkastet skal "Oslofjordreglane" (skjerpa krav til forvaltinga av strandsona) m.a. gjelda for desse kommunane i vår region: Austrheim, Lindås og Radøy kommune mens for dei andre 6 kommunane; Fedje, Gulen, Masfjorden, Meland, Modalen og Osterøy skal dei meir lempelige retningslinene gjelda. **Dette legg opp til ulikskap i forvalting av plan- og bygningslova for innbyggjarane og dei som har eigedom i kommunane i regionen.**

I **strategisk næringsplan for regionen** er vedteke at ein m.a. skal satsa på ei meir einsarta, god og effektiv forvalting av plan- og bygningslova. Dette er følgt opp m.a. gjennom det interkommunale samarbeidet som er etablert innan sektoren geodata, plan- og byggesak. Kravet om **likskap er knytt til realitetskriteria**, som etter lov og forskrift skal inngå som grunnlag for vedtak som blir gjort. Realitetskriteria er knytt til dei geografiske tilhøva både

natur- og kulturgitte for strandsona og omegn. (Den eksisterande kommunale inndeling skal vera irrerlevant i kommunane si forvalting.)

**Etter vårt syn vil det ha uheldig verknad på den positive utviklinga vi har sett i regionen i forvalting av plan- og bygningslova om ein fekk ulikt regelverk for kommunane i regionen.**

I utkastet *pkt. 5 Retningslinjer for områder med mindre press på arealene* står m.a. følgjande i 2. avsnitt: *Det bør avgrenses hvilke områder som er å anse som strandsone der tiltak skal vurderes strengt, og hvilke områder som kan være egnet for bygging.*

Dette er vi heilt samde i.

**Konklusjon:** Når det gjeld spørsmålet om kvar (kva areal) skjerpa krava til forvaltinga av strandsona gjeld for, er vår **tilråding:** Dette skal gå fram av kommuneplan/regional plan.

Konsekvensen av denne tilrådinga vil medføra redaksjonell endring i underpunktet til pkt. 4. Spørsmålet er om det trengs undernummerering. Pkt. 4.3 vil falla vekk. Enklast vil det vera om ein sløyfer undernummerering og får ei samla oppstilling av retningslinene som skal gjelda i områda med stort press på areala (tilsvarende det ein har i pkt. 5 for område med mindre press på areala).

Når det gjeld utkastet sine forslag til retningslineinnhald, har vi ikke andre merknader; retningsline bør framstå som samla krav, ikke oppdelt som i utkastet.

### **5. Retningslinjer for områder med mindre press på arealene**

I tråd med det som er sagt tidlegare, bør opprampsinga av kva for kommunar dette gjeld falla bort og bli erstatta med for eksempel følgjande formulering:

*Retningslinjene gjelder for den delen av 100-metersbeltet ved sjøen som i kommuneplan/regionplan ikke er avgrenset i samsvar med pkt. 4. Retningslinjer for områder der presset på arealene er stort*

Når det gjeld utkastet sine forslag til retningslineinnhald så står det følgjande i pkt 4.1.  
*"Når det gjeld by og tettstedsområder så skal behovet for fortetting og byutvikling tillegges vekt. Utbygging bør koncentreres til etablerte utbyggingsområder.....".*

Denne presiseringa er ei erkjenning av at det å utnytte strandlina til bygg og tiltak som kan støtte opp om byar og tettstader si utvikling, har så stor betydning at det må det kunne opnast for.

For bygder og grender langs kysten, som ikke har byane og tettstadane sine andre fortrinn, er det etter vårt syn endå viktigare for trivsel og utvikling, at eigna deler av strandsona (100-metersbeltet langs sjøen) kan nyttast til anlegg og tiltak som aukar trivsel og gjer det meir attraktivt å bu i distrikts-Noreg. Det er difor minst like viktig at behovet for å skape trivsel og utvikling i bygder og bustadområde i kystområda, vert vektlagt på tilsvarende måte som for by og tettstader. Dette bør komme klart fram av retningslinene.

Utover dette har vi ikke merknader til utkastet til innhald i retningslinene.

### **6. Regionale planer (ingen merknad)**

## **Sluttmerknader**



Regionrådet Nordhordland IKS viser til ovanståande og ber om å få retningsliner som gjer at vi får ei mål- og framtidsretta, god, objektiv lik og effektiv forvalting av den store strandsoneressursen i kommunane i vår region. Vi vonar at vårt høyringssvar skal medverke til dette. Vi ønskjer lukke til med det vidare arbeidet og vonar på eit praktisk og godt resultat for kommunane.

Knarvik, den 28.08.2009

Håkon Matre  
leiar